



Naturvernforbundet

Hordaland



Naturvernforbundet

i Nordhordaland

Naturvernforbundet Hordaland
Bredsgården 1E
5003 Bergen

Naturvernforbundet Nordhordaland
Hoplundssjøen 74
5943 Austrheim

Bergen, 21.11.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Fråsegn om Blom Fiskeoppdrett AS sin søknad om samanslåing av oppdrettsanlegga Kjeppevikholmen og Laksevika i Herdlefjorden

Naturvernforbundet Hordaland og Naturvernforbundet Nordhordland har desse merknadene.

Innleiing

I Naturvernforbundet Nordhordland sitt arbeidsprogram, vedteke på årsmøtet i 2021, heiter det: «Arbeida målretta for redusert volum i fiskeoppdrettsnæringa i Nordhordland».

Bakgrunnen for vedtaket er høge registreringar av lakselus, sterkt forureina fjordsystem og den høge bruken av avlusingsmiddel som fører til skade på skaldyr. Verst råka er fjordsistema i Nordhordland, i sær Sørfjorden, Osterfjorden og Masfjorden, men òg fjordane rundt Holsnøy, m.a. Radfjorden. Som terskelfjord er Herdlefjorden særleg utsett for forureining. Fjordane rundt Holsnøy er dessutan viktige vandringskorridorar for vossalaksen og bør difor i høgst mogleg grad haldast fri for lakselus.

I tillegg til utfordringane knytt til lakselus og forureining i eit relativt lukka fjordsystem, legg Naturvernforbundet vekt på at Herdlefjorden er mykje brukt til båtfart og fiske og at det innanfor i sær Kjeppevikholmen er hytte- og bustadområde som vert sterkt negativt påverka av tiltaket.

Tiltaket

Blom Fiskeoppdrett AS søker om å slå saman lokalitet Kjeppevikholmen og Laksevika i Alver kommune. Søkjar ynskjer å auke dagens produksjonskapasitet på Kjeppevikholmen med 1560 tonn til totalt 3900 tonn MTB i eit større ringanlegg. Ved godkjenning av søknad vil lokalitet Lakesvika trekkjast tilbake, og den totale produksjonskapasiteten i Herdlefjorden vil dermed vera uendra.

Raudt trafikklys

Nærings- og fiskeridepartementet melde i 2020 at Produksjonsområde 4 (Nordhordland til Stadt) fekk raudt lys og dermed måtte redusera produksjonskapasiteten. Utvidinga det er søkt om, er lokalisert til dette produksjonsområdet. Produksjonskapasiteten i Herdlefjorden blir gjennom samlokaliseringa uendra. Naturvernforbundet meiner likevel at føringane frå nærings- og fiskeridepartementet tilseier at den må reduserast.

«Vi har et stort ansvar for å ta vare på villaksen i Norge, og hensynet til villaksen er en viktig del av trafikklyssystemet. To områder på Vestlandet får nå rødt lys fordi påvirkningen fra lakselus på villaks er uakzeptabel. Vi vil nå for første gang redusere produksjonskapasiteten i disse områdene for at villaksen skal få bedre forhold», seier klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn i meldinga.

Problemstillinga er høgaktuell for Herdlefjorden, ein av dei viktigaste vandringskorridorane for vossalaksen.

Terskelfjord

Som terskelfjord er Herdlefjorden utsett for forureining både frå fôr og fiskeavføring. I tillegg kjem problemstillingar knytte til kjemikaliebruk og impregnering. Det burde vera vel kjent at store delar av Radfjorden er sterkt forureina av kopar. Liknande tilstand er uønskt i Herdlefjorden.

Fiskehelse

I følgje Veterinærinstituttet døydde 52,1 millionar laks og 2,8 millionar regnbogeaure i dei norske merdane i fjor. Høgast er dødelegheita i produksjonsområde 4 frå Nordhordland til Stad, heile 27,2 % mot 6,7 % lengst nord i landet. Problemet er aukande. I 2019 var dødelegheita 19,4 %.

Dette tyder på dårleg miljøstandard i merdane, mellom anna på grunn av høgt volum med mykje lakselus og sjukdom i produksjonsområdet. Også omsynet til fiskehelse tilseier at volumet i Herdlefjorden må ned.

Natur og friluftsliv

Det grunne sjøområdet mellom tiltaket og Beitingen er i kommuneplanen sin arealdel (KPA) avsett til Naturområde. Likevel vil fortøyningane frå tiltaket beslagleggja svært store delar av naturområdet og gjera det ueigna og delvis ulovleg for naturbruk, dvs. fiske og fangst og rekreasjon. Ei utviding frå tre til ni ringar pluss 25 fortøyningar er dramatisk. At eit slikt inngrep ikkje vert problematisert gjennom retningslinene i KPA, er sterkt kritikkverdig, ikkje minst av di



Naturvernforbundet
Hordaland



Naturvernforbundet
i Nordhordaland

det på Beitingen er hytte- og bustadområde som gjennom bandlegging, avstenging og annan negativ påverknad av sjøområda like utanfor vert direkte råka av tiltaket.

Konklusjon

På bakgrunn av føringane i trafikklyssystemet, forureiningsfare i ein terskelfjord, dårlig fiskehelse i produksjonsområdet og høgt konfliktnivå i høve natur og naturbruk, går Naturvernforbundet Hordaland og Naturvernforbundet Nordhordland i mot utviding av produksjonskapasiteten ved Kjeppevikholmen frå 1560 tonn til 3900 tonn MTB.

Gabriel Fliflet
leiar
Naturvernforbundet Hordaland

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland